



Naturvernforbundet i
Sogn og Fjordane

Miljøverndepartementet

27. 05. 2009

Postboks 8113 Dep

0030 Oslo

postmottak@md.dep.no

Utkast til revidert forskrift om konsekvensutgreiingar – høyringsfråsegn

Vi viser til høyringsutkast av 29. april 2009. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har desse merknadene, som gjeld anlegg og infrastruktur for energiproduksjon:

Etter lova (pbl § 14-1) er føremålet med reglane å sikre at omsynet til miljø og samfunn kjem med i vurderingane under førebuingane av tiltaket, og før vedtak om kor vidt planen er forsvarleg å gjennomføre, eventuelt på kva vilkår.

Framlegget:

Etter vedlegg I er konsekvensutgreiingar obligatoriske for:

- a.** vasskraftanlegg med ein årleg produksjon over 40 GWh, etter energilova og med NVE som ansvarleg.
- b.** vindkraftanlegg med installert effekt på meir enn 10 MW, etter energilova og med NVE som ansvarleg.
- c.** demningar og andre anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn dersom ny eller supplerande mengde oppdemt eller lagra vatn er større enn 10 mill. kubikkmeter, etter vassdragsreguleringslova eller vassressurslova, og med NVE som ansvarleg.



Naturvernforbundet i
Sogn og Fjordane

- d. kraftleidningar og jord- og sjøkablar med spenning 132 kV eller høgre og ei lengde på meir enn 20 km, etter energilova og med NVE som ansvarleg.
- e. transport av meir enn 100 mill. kubikkmeter vatn mellom nedbørsfelt, for visse føremål.

Etter vedlegg II skal kravet om konsekvensutgreiingar kunne gjelde tilsvarende tiltak av mindre format dersom det aktuelle området eller inngrepet fyller visse kriterium som tilseier risiko for skade på natur og samfunn:

- vindkraftanlegg med meir enn 5 MW installert effekt.
- vasskraftverk med ein produksjon på meir enn 30 GWh.
- kraftlinjer med spenning på 66 kV eller meir og ei lengde på over 20 km.

Våre merknader:

§ 4 listar opp kriterium for å krevje konsekvensutgreiing av tiltak i vedlegg II. Problemet er at over storparten av landet er kunnskapen svært dårleg som grunnlag for å avgjere om tiltaket er i konflikt med

”Viktige inngrepsfrie naturområder, eller utgjør en trussel mot truede naturtyper, mot truede arter eller deres leveområder, mot prioriterte arter eller deres funksjonsområder, mot utvalgte naturtyper, eller mot andre områder som er særlig viktige for naturens mangfold” (bokstav b).

Eit døme er: Miljøfaglig utredning, som vurderte konsekvensane for biologisk mangfald av 420 kV kraftlina Ørskog-Fardal, skriv eksplisitt i rapporten at på grunn av generelt mangelfull kunnskap om naturen i Sogn og Fjordane, hadde dei store problem med å avgjere konsekvensane av inngrepet, og med å rangere dei alternative traseane etter graden av



Naturvernforbundet i
Sogn og Fjordane

konsekvensar. Det var etter at dei hadde gjort sine eigne, men nokså avgrensa, registreringar. Dette er manglar som ikkje er avgrensa til Sogn og Fjordane.

Kategorien 'inngrepsfrie naturområde' er eit resultat av rein avstandsmåling. Karta seier ingen ting om kor viktige eller mindre viktige desse områda er. Kvar truga artar lever, er det, for mange av dei, ingen som har oversyn over. Det same gjeld kva som er deira leveområde. Heller ikkje truga naturtypar finst det opplysningar om i databasar som gjerne vert nytta for å leite opp verdiar som krev omsyn eller fråvær av inngrep. Utvalde naturtypar og prioriterte artar har vi enno ikkje noko av, og det vil ta lang tid før dette blir funksjonelle kategoriar.

Dette inneber at mangelfull kunnskap er årsak til at kriteria for å krevje konsekvensvurderingar etter bokstav b) – og delvis a) – i § 4, i dei fleste tilfelle ikkje eksisterer. Regelen vil bli ei intensjonserklæring utan at det er mogeleg å leve opp til meininga på ein måte som gjev faktisk meining.

Føre var-prinsippet tilseier varsemnd når ein ikkje veit. I staden for at mangelfull kunnskap reproducerer seg sjølv gjennom ei opning for ikkje å undersøkje tilstandane i marka, må vedlegg II vere utforma slik at tiltakshavaren får pålegg om å dokumentere, gjennom inventering av eit visst omfang, at det er svært lite sannsynleg å finne artar eller leveområde som fell inn under kriteria i bokstav b). Bevisbøra for at det i rimeleg grad er usannsynleg at tiltaket vil gjere skade på artar og leveområde etter bokstav b), må ligge på tiltakshavaren. Etter forslaget vil mangelfull kunnskap vere nok til å sleppe unna, dersom ingen stiller krav om at saka er opplyst før vedtak om eventuelt å sleppe konsekvensutgreiing. Dette spørsmålet må vere tema for eit vedtak etter reglane i forvaltningslova.

Omsynet til artar, leveområde og naturtypar står i denne samanhengen i ei særstilling fordi det gjeld organismar som ikkje seie frå sjølve. Dei andre kriteria under § 4 (som friluftsliv, landbruk og samiske interesser) er tema som i dei fleste tilfelle har sine aktive forsvarar dersom viktige verdiar kjem i fare. I langt mindre grad gjeld dette artar og leveområde, som heller ikkje frivillige organisasjonar veit noko om før saka er undersøkt.



Naturvernforbundet i
Sogn og Fjordane

Vårt forslag er difor at å klarlegge biologisk mangfald må vere obligatorisk også for dei mindre energitiltaka som vi har referert ovanfor. Det er vel mogeleg at dette kravet, for å få eit regelverk med ein viss konsekvens, bør gjelde andre inngrep i tillegg. Vi har valt ut energitiltaka fordi dei ofte kjem i lite påverka natur som få veit særleg om, og fordi dei ofte påverkar store areal.

Saka let seg løyve ved å senke grensene for omfanget av energitiltak som utløyer plikt til konsekvensutgreiingar for biologisk mangfald ned til det som er nemnt i vedlegg II. Eventuelt endre utkastet slik at tiltakshavaren får ei plikt til å dokumentere at skade på artar eller viktige naturtypar er svært lite sannsynleg.

Med helsing

Hans Chr. Hansen

leiar

Kopi til: Direktoratet for Naturforvaltning
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 Noregs Naturvernforbund